



Kristian O. Bringedal skal leia valmøtet i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Valmøtet i Helgheim tirsdag kveld blir klart lokalretta. Møteleiinga set fokus på skule og barnehage, industri og næring, trafikk og sentrumsutvikling, kultur/turisme/friluftsliv og bustadbygging. Standardspørsmålet blir: Kva vil ditt parti gjera for Uskedalen og uskedelingane i dei næraste fire åra?



Gunn Mari Moberg frå Høgre er ein av de lokale paneldeltakarane.

Den naturlege møteleiar er Kristian O. Bringedal - han leiar Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling, som er tilskipar. Møteleiinga vonar at møtet skal auke interessa for å røysta i ei bygd som ikkje ligg på topp i så måte statistisk sett.

Fredag ettermiddag var lista over kven som skal sitta i panelet ikkje klar, men det er all grunn til å tru at alle 11 lister blir representerte. Det verkar som om aktørane blir ein blanding av førstekandidater/ordførarkandidater og lokale folk.

Kva dei siste angår, stiller Gunn Mari Moberg, som står som nummer to på Høgrelista og Bjarne Lilleås, som er fjerdemann på Venstrelista.

Av ordførarkandidatane kjem i hvert fall Bjarne Berge frå Tverrpolitisk Samlingsliste, Synnøve Solbakken frå Arbeidarpartiet, Torleif Hellesøy frå Uavhengig Sentrum, Einar Saghaug frå Innbyggjarpartiet og Elisabeth Eide Tharaldsen frå Framstegspartiet .

Med omsyn til Senterpartiet er det ikkje avgjort om det blir ordførarkandidat Knut Prestnes eller uskedelingen Elin Legland som deltek. Kven som stiller frå Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti er heller ikkje avgjort, men frå Raud Valallianse kjem Jon Lund.

Av Ola Matti Mathisen



Synnøve Solbakken er ein av dei ordførarkandidatane som stiller opp i Helgheim måndag kveld. Her er ho saman med fiskeri- og kystminister Helga Pedersen hos Hjørnevåg i valkampens aller første fase. (Foto: Ola Matti Mathisen)